

## Grunngjeving for forskrift om førebygging av koronasmitte

### 1. Innleiing

Kommunane i Sunnhordland, og særleg kommunane Bømlo, Fitjar og Stord, er del av ein felles bu- og arbeidsmarknad. I visse situasjonar er det difor føremålstenleg og naudsynt å koordinere ulike oppgåver og tiltak med nabokommunane. Når det gjeld handtering av korona-pandemien er nasjonale mynde tydelege på at ein må ha ein regional samordning av tiltak dersom ein skal oppnå kontroll med lokale smitteutbrot.

### 2. Lokalt ansvar

Regjeringa har forskriftsfesta tiltak ved ulike smittenivå i Covid-19-forskrifta, og kan inkludere kommunar i den nasjonale forskrifta ved større smitteutbrot. Den einskilde kommune kan også sjølv vurdere behovet for å forskriftsfeste tiltak gjennom lokal forskrift, for å implementere tiltak som kan avgrense smittespreiing. Nasjonale mynde kan om naudsynt overprøve den lokale vurderinga dersom det er naudsynt for å verne befolkninga mot smitte.

### 3. Bakgrunn og vurdering

Sidan starten av mars 2021 har det vore ein uoversiktleg smittesituasjon på Haugalandet, som har ført til at fleire frå Bømlo har vore nærkontaktar til smitta, men utan at vi så langt har fått smitte i eigen kommune. I førre veke fekk Stord kommune påvist nye smittetilfelle, truleg med tilknytning til situasjonen på Haugalandet, og med forgreiningar til fleire skular og til nabokommunen Fitjar. Omfattande smittesporing har påvist fleire smitta siste døgnet, og situasjonen er uavklart. Det påviste viruset er av den britiske virusvarianten, som har vist seg å ha stort spreingspotensiale, særleg mellom barn og unge.

Bømlo, Fitjar og Stord har ein stor del skuleelevar, studentar og arbeidstakarar som studerer eller arbeider i nabokommunen, og som kryssar kommunegrensa dagleg. Det er difor stor risiko for at smitten vil spreie seg mellom kommunane dersom det ikkje blir sett i verk snarlege felles tiltak kommunane.

### 4. Medisinsk-fagleg vurdering og risikovurdering

Følgjande risikovurdering ligg til grunn for innføringa av lokal forskrift:

- Epidemiologisk situasjon
- Spreiingspotensialet
- Forventa sjukdomsbyrde
- Tiltaksbyrde

Kommuneoverlegen i Bømlo ser utbrotet på Stord i samanheng med pågåande utbrot på Haugalandet, der smitten har spreidd seg til fleire miljø og aldersgrupper, og der smitten i aukande grad har vore vanskeleg å spore. Grunna mykje kontakt over kommunegrensene er risikoen høg for smittespreiing til Bømlo. Det var vist seg vanskeleg å slå ned smitten når viruset først er etablert i samfunnet, og det er difor viktig å etablere førebyggjande tiltak for å hindre at viruset får fotfeste på Bømlo.

Spreiing av viruset skjer ved kontakt mellom menneske. Mens tidlegare virusvariantar i liten grad spreidde seg mellom barn og unge, har dei nye, dominerande variantane eit stort spreingspotensiale i denne aldersgruppa. Det er difor naudsynt å avgrense kontakt også mellom unge, samtidig som det må balanserast mot moglege negative konsekvensar av tiltaka.

Koronaviruset rammer folk ulikt. Den siste tida har færre eldre blitt alvorleg sjuke, truleg grunna at dei med aller høgast risiko no er vaksinerte. Samtidig aukar talet på alvorleg sjuke unge personar. Ved spreing i yngre aldersgrupper vil sjukdomsbyrda for helsevesenet bli stor fordi det er fleire personar i desse aldersgruppene, og fleire sjukehus har allereie måtte redusere normal aktivitet. For dei som blir alvorleg sjuke er det framleis risiko for død eller langvarig sjukdomsforløp. Mange smitta vil føre til mange nærkontaktar i karantene, og husstandsmedlemmer til desse igjen i ventekarantene. Eit høgt tal smitta vil sette ei rekke kritisk personell i karantene, og føre til bemanningsproblem både i helsevesenet og i andre viktige samfunnsfunksjonar. For å oppretthalde forsvarleg drift og ha kapasitet til å gi naudsynt pleie og behandling av sjuke, er det difor viktig å halde smittetala låge.

Det er snart påske. Ved å redusere talet på møteplassar og nærkontaktar fram til over påske, vil det vere mogleg å hindre ei smitteauke i Bømlo kommune. Ei tidsavgrensa stenging av møteplassar no vil kunne hindre ei meir omfattande og langvarig nedstenging i neste omgang.

## 5. Konklusjon

Basert på utviklinga sidan byrjinga av mars på Haugalandet og noverande situasjon i Sunnhordland, samt vurdering av spreingspotensialet for viruset og konsekvensane av auka smitte med omsyn til liv og helse, blir tiltaka som følgjer av forskrifta vurdert som naudsynte og tenlege.